

Saksbehandlar: Lena Merete Söderholm, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/7236-2

Tildeling frå Marint Rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) 2018

Fylkesrådmannen rår Fondsstyret til å gjere slikt vedtak:

1. Fondsstyret for Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) vurderer føreliggjande søknad frå Måløy vidaregåande skule om midlar til eit treårig engasjement for å få vidareutvikla det marine opplæringstilbodet ved skulen som ein god søknad.
2. Fondsstyret konstaterer at det omsøkte prosjektet er godt forankra i partnerskapen gjennom godkjent handlingsplan for Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane, og er i tråd med det som næringa ser på som si største utfordring: Å auke rekrutteringa til yrke i marin sektor.
3. Fondsstyret løyver kr. 3 450 000,- til prosjektet. Dette utgjer om lag 50 % av fondet sin estimerte kapital pr. 2018. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp løyvinga.

Vedlegg:

- 1 Vedtekter MAREKO
- 2 Handlingsplan Sjømatnæringane

Andre relevante dokument i saka:

Søknad: Engasjement - Ressursperson Akvakultur Måløy vidaregåande skule

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune lyste i mai 2018 ut midlar frå MAREKO (Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond), med søknadsfrist 20. august 2018. Utlysinga vart kunngjort gjennom heimesidene våre.

Det kom inn ein søknad til utlysinga.

Etter vedtektene til MAREKO er det fylkesutvalet, samt leiarane for hovudutvala for opplæring og næring og kultur, som utgjer fondsstyret og tildeler midlar. Fylkesrådmannen utøver sekretariatsfunksjonen.

Historikk - tidlegare vedtak

I september 2017 vart det inngått ein 10-årig avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Marine Harvest Norway om utleige av konsesjonsbiomassen i undervisningskonsesjonen for oppdrett av laks og aure som var tildelt fylkeskommunen v/Måløy vidaregåande skule tidlegare på året. På grunnlag av desse leigeinntektene vart det oppretta eit nytt fond: MAREKO (Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond). Vedtekter for fondet vart vedteke av FT i sak 33/17, i møte den 17.10.2017.

I møte i Fylkesutvalet 7. mars 2018 la fylkesrådmannen fram rutinar for praktisk oppfølging av vedtektene i MAREKO. Her tilrår han m.a. at 30 % av dei årlege fondsinntektene skal nyttast til (nytt) opplæringsfarty.

Årsplanen for 2018 for Verdiskapingsplanen vart godkjent av FU 04.04.2018, jf. FU-sak 32/18.

Sentrale problemstillingar

Fondet sitt hovudføremål

Det overordna føremålet med fondet er å bidra til rekruttering og attraktivitet for vidaregåande opplæring i akvakultur og anna vidaregåande opplæring som støttar denne næringa sitt behov for fagkompetanse.

Fondet skal gje støtte til marint retta tiltak og prosjekt som Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å gjennomføre og som er i tråd med føringar i Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane (Verdiskapingsplanen), herunder å kunne gje støtte til finansiering av nytt opplæringsfartøy. Tiltak og prosjekt som får støtte frå fondet skal ha ei klar forankring i dagens Sogn og Fjordane.

Fondet sine inntekter

Fondet sine inntekter er basert på ein fast leigesum på 2 mill.kr/år (i 2017 vart dette 1 mill.kr sidan avtala vart underteikna seint på året). Denne vert innbetalt årleg. I tillegg kjem ein variabel leigesum som m.a. er avhengig av nasjonale prisar på laks og aure. Denne vert rekna ut etterskotsvis når kvalitetssikra tal er klare. Den variable leiga vil maks vere på 3,75 mill.kr/år. Slik prisnivået på laks og aure er pr. i dag, vil leigeinntektene for 2018 bli på 5,75 mill. MAREKO inntekter:

Fast leige 2017	1 mill.kr
Fast leige 2018	2 mill.kr
Estimert variabel leige 2018	3,75 mill.kr.

Handlingsplan for Sjømatnæringane i Verdiskapingsplanen

I samband med gjennomføringa av Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane (verdiskapingsplanen) er det under satsing for sjømatnæringane utarbeidd ein handlingsplan for 2018. Denne er utarbeidd av eit programstyre med representantar frå akvakulturnæringa, fiskerinæringa, Opplæringskontoret for fiskeri og havbruk i Sogn og Fjordane, Måløy vidaregåande skule, samt Opplæringsavdelinga og Nærings- og kulturavdelinga i fylkeskommunen. Årsplanen for 2018 for Verdiskapingsplanen er godkjent av fylkesutvalet.

Under delmål «Styrke tilgang til kompetanse og arbeidskraft i sjømatnæringa» er hovud-satsinga: «Utvikle ei attraktiv fagutdanning på vidaregåande skule retta inn mot verdikjedene i sjømatnæringane». Det viktigaste tiltakspunktet her er: «Opprette 3- eller 4-årig engasjementsstilling med hovudansvar for å utvikle eit attraktivt opplæringstilbod i akvakultur ved Måløy vgs.» Mange av dei andre tiltaka i handlingsplanen er knytt opp til at dei kan gjennomførast og koordinerast gjennom dette engasjementet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kort om søknaden

Søknad har kome inn frå Måløy vidaregåande skule ved rektor, og gjeld eit treårig engasjement ved Måløy vidaregåande skule med hovudføremål å vere pådrivar og ressursperson for å vidareutvikle det marine opplæringstilbodet ved skulen. Det vert søkt om kr. 3 450 000 frå MAREKO, dette er fullfinansiering for alle tre åra.

Engasjementet vert organisert som eit prosjekt, med definert start- og sluttdato. Oppstart er planlagt til hausten 2018. Stillinga er lyst ut med søknadsfrist 1.oktober, men det er teke atterhald om finansiering. Dette fordi det hastar å kome i gang med gjennomføring av tiltak.

Arbeidsstad er i utgangspunktet Måløy vidaregåande skule. Den tilsette prosjektleiaren skal gjennomføre tiltak i handelingsplanen som er/vert utarbeidd i samarbeid med programstyret i Sjømatnæringane (verdiskapingsplanen). Hovudtynga vil vere rette mot Akvakultur (Vg2) og Naturbruksfag (Vg1).

Nokre konkrete arbeidsoppgåver som er skissert i søknaden:

- Kartlegge og gjennomføre tiltak som skal bidra til å utvikle eit attraktivt opplæringstilbod.
- Delta i arbeidet med å revidere og utarbeide lokale læreplanar i tråd med fornyinga av kunnskapsløftet.
- Ha ein utstrakt kontakt med marint næringsliv og vere oppdatert på deira behov.
- Etablere samarbeid med næringslivet for å vidareutvikle innhaldet i opplæringstilbodet.
- Etablere samarbeid med FoU-miljø for å vidareutvikle innhaldet i opplæringstilbodet.
- Synleggjere utstyrs- og arealbehov for ei framtidsetta akvakulturoplæring med høg kvalitet.

For å utvikle tilbodet innan akvakulturoplæringa, vil utviding av bygningsmasse med våt-laboratorium og fasilitetar for forsøk med fisk og algar også vere ønskjeleg, det same vil vere tilfelle for eit nytt opplæringsfartøy for elevar på fiske og fangst. Men dette må vi vurdere i andre saker. Ressurspersonen i engasjementsstillinga vil vere ein naturleg samarbeidspartnar også i dette arbeidet.

Budsjett og finansieringsplan

Budsjett:

	År 1	år 2	år 3	sum
Årsløn	800 000	800 000	800 000	2 400 000
Arb.gj.utg.	280 000	280 000	280 000	840 000
Arbeidsplass:	80 000	80 000	80 000	240 000 *
Reiseutgifter:	40 000	40 000	40 000	120 000
Diverse	30 000	30 000	30 000	90 000
Total	1 290 000	1 230 000	1 230 000	3 690 000

Finansieringsplan:

Eigendel SFFK	80 000	80 000	80 000	240 000*
MAREKO	1 150 000	1 150 000	1 150 000	3 450 000
Sum	1 230 000	1 230 000	1 230 000	3 690 000

*eigendel Måløy vgs i form av kontorplass

Vurderingar

Norsk sjømatnæring har stort behov for arbeidskraft med god kompetanse for å kunne vidareutvikle seg i tråd med nasjonale mål og intensjonar. Akvakulturnæringa i fylket står i dag med unytta lærlingplassar og søknad til marine opplæringstilbod er lågare enn det næringa ynskjer og har trong for i framtida. Under messa Nor-Fishing 2018 i august vitja fylkesordførar og andre frå fylket utstillarbedrifter frå vårt fylke (innan marin sektor), og utan unntak var det rekruttering bedriftene heldt fram som den største utfordringa.

Då fylkeskommunen i 2017 fekk dispensasjon til å leige ut konsesjonsbiomassen i undervisnings-konsesjonen knyta til opplæring i akvakultur ved Måløy vidaregåande skule, var dette under føresetnad om at midlane skulle nyttast til å vidareutvikle undervisningstilbodet i akvakultur ved skulen.

Det er no difor særskilt viktig å kome i gang med dette arbeidet og auke attraktiviteten slik at ungdom finn tilbodet tilstrekkeleg attraktivt. Sjølv om vi ser ein auke i 2017 og 2018 i tal søknadar til akvakultur, fiske og fangst og Naturbruk, er auken lågare enn den andre vidaregåande skular langs kysten opplever. Vi må også søkje å rekruttere frå eit større omland.

Arbeidssituasjonen er så stram at det ikkje vil vere mogleg å gjennomføre eit slikt løft med ordinære stillingar ved skulen eller i sentraladministrasjonen. Dette er vidare eit høve til å prøve ut ein arbeidsmodell som kanskje også kan nyttast innan andre sektorar for å gi desse eit løft.

Den omsøkte summen utgjør 51 % av dei estimerte inntektene til fondet pr. september 2018. 3 mill.kr i frå fast leige er betalt inn som forskot, resterande 3,75 mill.kr vert innbetalt i 2019 då det statistiske grunnlaget for variabel leige er kjent.

Prosjektet er rekna som det viktigaste tiltaket i handlingsplanen for 2018 som er utarbeidd av programstyret for Sjømatnæringane (Verdiskapingsplanen). Mange av dei andre tiltaka lista i handlingsplan 2018 er heilt avhengige av å bemanne dette engasjementet.

3. Konklusjon

Fondet har i 2018 motteke berre ein søknad om finansiering.

Det vert søkt om kr. 3 450 000 til eit treårig engasjement ved Måløy vidaregåande skule. Hovudføremålet er å gjennomføre tiltak forankra i Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane (verdiskapingsplanen) som skal vidareutvikle og gjere det marine opplæringstilbodet ved Måløy vidaregåande skule meir attraktivt for ungdom. M.a. vil prosjektet styrke samarbeidet med marint næringsliv og FoU-institusjonar samt vere pådrivar for å legge betre til rette for nye fasilitetar som er naudsynte for undervisning i akvakultur. Dette vil på sikt gje næringslivet tilgang til fleire dyktige og motiverte medarbeidarar.

Den omsøkte summen er av ein slik storleik at ein har sikra at minst 30 % av fondet sine inntekter skal kunne nyttast til nytt opplæringsfartøy.

Prosjektet er forankra i partnerskapen gjennom godkjent handlingsplan for Sjømatnæringane (verdiskapingsplanen) og i tråd med det som næringa no ser på som si største utfordring: å auke rekrutteringa til yrker innan marin sektor.